

## Progresjonsplan for omsorg, danning, læring og lek

Omsorg	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barnet skal få dekkje behovet for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile.</p> <p>Barnet skal få knyte seg til personalet og til kvarandre.</p> <p>Barnet skal lære å vise omsorg, og til sjølve å ta imot omsorg.</p> <p>Bli presentert for ulike kjensler</p> <p>Tolke barna sine primærbehov og hjelpe dei til å uttrykke dei med ord.</p> <p>Barna skal føle seg trygge i barnehagekvardagen</p>	<p>Kviletid på litlebasen med eigen vognavakt.</p> <p>Me har trygge fang og dei vaksne er «ladestasjonar» og trygge basar.</p> <p>Me deler inn i små grupper/leikegrupper, dette for at det er lettare å sjå enkeltbarnet.</p> <p>Me viser/set ord på kva som skjer i «her og no» situasjonar. Me vegleiar barna i konflikthandtering.</p> <p>Me set ord på kjenslene deira. T.d.; “No ser eg at du er” glad, lei deg, sint, trøtt.</p> <p>Me sjekkar primærbehova til barna. Er du svolten, tørst, trøtt?</p> <p>Skape gode relasjonar gjennom god interaksjonar mellom barn og vaksen.</p>
Danning	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barnet skal få meningsfulle opplevingar og støtte i identitetsutviklinga og positiv sjølvforståing.</p> <p>Barna skal lære å vise respekt for seg sjølv og for andre, for naturen og miljøet.</p>	<p>Alle barna skal tilhøyra ei gruppe.</p> <p>Turdagar kvar uke for å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.</p> <p>Den gode hjelper Lære og respektere andre og egne grenser via stoppregele.</p> <p>Rettleie barna i sjølvheving, stå opp for seg sjølv og rydda opp etter oss i naturen.</p>
Læring	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barnet skal oppleve heilskapleg læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling.</p> <p>Barnet skal oppleve måltidet som ei positiv og god stund.</p>	<p>Legg til rette for at materiale og utstyr på avdelingane er tilpassa barnets alder og modning og der ein har noko å strekkje seg etter.</p> <p>Me legg til rette for ein god læringsarena: -Sender ved måltid -Ventar på tur -Fokus på den gode samtalen rundt bordet</p>
Leik	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Leiken skal vere barnas hovudaktivitet, der me skal gjev tid og rom for leik.</p> <p>Barnehagen skal fremja eit inkluderande leikemiljø der barna skal oppleve glede og erfaringar.</p>	<p>Me deler i leikegrupper, set av tid til leik, fordeler vaksne, og gjev dei leikematerial som inspirerer til ulik leik.</p> <p>Gjennom «borte titt-tei leik», turtaking («mintur- dintur» leik»), rolleleik,</p> <p>Gjev barna fellessopplevingar gjennom turar, forteljingar/eventyr, songar og barnas interesse.</p>

Omsorg	Mål:	Kva gjer me:
3-6 år	<p>Sjå barna sine behov og oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte</p> <p>Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og ta i mot sjølve</p>	<p>Me er støttande stillas, tryggebasar og setje ord og spegle kjenslene deira.</p> <p>Me dele inn i små grupper, for å sjå kvart enkelt barn, møte dei og ta dei på alvor.</p>
Danning	Mål:	Kva gjer me:
3-6 år	<p>Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet</p> <p>Ha respekt for kvarandre sine behov, meiningar og perspektiv i fellesskapet</p> <p>Fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.</p>	<p>Me tar utgangspunkt i barnas interesse og gjev dei material, rom, tid og byggjer leikemiljø. Me lagar prosjekt med utgangspunkt i barnas interesse.</p> <p>Alle barna høyrar til ein avdeling. Me har «den gode hjelpar». Me speglar meiningar og kjenslene barna har. Stoppregelen</p> <p>Me fast turdagar og turområda. Kyrkjevandring, teaterførestilling, fotballturnering, bamsesjukehus.</p>
Læring	Mål:	Kva gjer me:
3-6 år	<p>Vere merksame på det barnet er opptatt av og leggje til rette for ulike situasjonar og aktivitetar.</p> <p>Sørgje for at alle barn får rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar.</p>	<p>Me har material tilpassa barnet sin alder og modning. Undrar, undersøkje i lag med og støtte barnas sine refleksjonar i leik og aktivitetar. Faste grupper med faste vaksne.</p> <p>Innhaldsrike samlingsstunder, samtalar, «rose barnet i plenum», bruke ulike metodar(drama, bøker, historiar, songar, snakkepakken og liknande.)</p>
Leik	Mål:	Kva gjer me:
3-6 år	<p>Leiken sin eigenverdi skal anerkjennast</p> <p>Leiken er barna sin hovudaktivitet</p> <p>Barnet skal ha gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur</p> <p>Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster</p>	<p>Barna får tid og rom til å leike gjennom fokustida</p> <p>Deler inn i mindre grupper, leikgrupper og fordeler vaksne</p> <p>Ta utgangspunkt i barns medverknad og interesse, og gjev dei materiell og fellessopplevingar.</p> <p>Vere støttande stillas i konfliktløysing. Hjelp barna til å finne nye løysningar.</p> <p>Personalet skal vurdere når det er behov for å vere aktiv deltakande i leiken.</p>